

Når fakta er feil, og innbyggjarar blir møtte med tausheit, då må politikarane gripa inn

Slik lyder den krystallklare meldinga frå Arild Skjelbred, koordinator for vegsaka i Rasdalen grendelag. Han rettar skarp kritikk mot administrasjonen i Voss herad for handteringa av saka om privatisering av kommunale vegar.

VOSS HERAD/RASDALEN: Grendelaget hevdar at vurderinga av Rasdalsvegen er basert på feil fakta, og at innspel frå innbyggjarane ikkje blir tekne på alvor.

Skjelbred, som er fjerde generasjons hytteeigar i Rasdalen, hevdar i eit lesarinnlegg at tilliten til kommunen sviktar.

Han viser til at Rasdalsvegen framleis er lista som ein potensiell privat veg, sjølv om fleire forhold tyder på at han ikkje burde vera det.

Vurdering basert på feil fakta

Skjelbred peikar på at heradet si opphavlege vurdering, som plasserte Rasdalsvegen på lista over vegar som kan privatiserast, byggjer på feil informasjon.

– Det vart påstått at vegen manglar fast busetnad. Det er feil – og det veit heradet no, seier Skjelbred.

Han understrekar at det bur tre personar langs den 4,5 kilometer lange vegen, fordelt på to gardsbruk med både driveplikt og registrert bustad.

Dette er i direkte strid med heradet sitt eige vedtak frå 2020, som krystallklart slår fast at berre vegar utan heilårs busetnad kan privatiserast.

– Punktum. At vegen i det heile tatt vart vurdert, viser at saksgrunnlaget ikkje har vore godt nok, hevdar Skjelbred.

Manglande svar skapar mistillit

Grendelaget finn det endå meir alvorleg at deira høyringsinnspel – og to purringar – framleis står ubesvarte.

Det me ber om, er å få eit svar om korleis saka ligg an. Sidan det ikkje er plikt etter forvaltningslova å gi eit endeleg svar, skal dei i det minste gi eit foreløpig svar. Dei bør i det minste bekrefte at dei har fått innspelet, seier Skjelbred.

Han understrekar at det ikkje skal vera innbyggjarane si oppgåve å leita i kommunen sine papir.

– Det er ikkje sånn det skal vera. Dette sikrar jo tilliten til innbyggjarane, seier Skjelbred og fryktar ein kultur der innspel frå innbyggjarar ikkje blir tekne på alvor, og der administrasjonen ikkje leverer det politikarane treng for å fatta riktige vedtak.

Vegen er viktig for allmenta

Grendelaget understrekar også at Rasdalsvegen er viktig for allmennyttige føremål.

Vegen er open for allmenn ferdsel og gjev direkte tilkomst til den DNT-merkte løypa inn i Bergsdalen. Ein vinterbrøyta parkeringsplass er etablert nettopp for å sikra tilgjenge for allmenta.

– Heradet har sjølv slått fast at vegar som er nytta til allmennyttige føremål – til dømes friluftsliv – ikkje skal privatiserast. Dette kriteriet er heller ikkje vurdert, seier Skjelbred.

Han meiner ei privatisering vil vera i direkte strid med heradet si plikt til å ivareta og utvikla friluftslivsområde.

Store konsekvensar for brukarane

Som tidlegare omtalt i Hordaland, har forslaget om privatisering skapt sterke reaksjonar mellom både fastbuande og hytteeigarar.

Sauebonde Frode Tufte, som bur fast i Rasdalen, uttrykte stor frustrasjon på eit krisemøte i grendehuset i fjor sommar.

– Eg er avhengig av vegen, kvar dag, heile året. Som grunneigar har eg ikkje råd til eller tid til å halda han ved like. Det kan bli store summer for meg, sa Tufte den gongen.

Også hytteeigar Per Jansen fortalde om ein episode der ambulansar måtte køyra på vegen for å henta han, og understreka viktigheita av forsvarleg vegstandard.

Med på krisemøtet var også tidlegare fotballspelar Alf Inge Haaland, som støttar kampen mot privatisering.

Skjelbred trekkjer fram kontrasten til andre vegprosjekt, der hytteeigarar har gått saman om å byggja veg som ein føresetnad for utbygging.

– Den moglegheita har me ikkje. Det kan ikkje fordelast rettferdig på nokon som er der oppe to gonger i året, og nokon som køyrer der dagleg, seier Skjelbred.

Krev handling frå politikarane

Fungerande ordførar Benedicte Kragh (Ap) uttalte i fjor at alle høyringsinnspel ville verta tekne med i vurderinga, og at dei ville sjå på saka om forslaget var basert på feil grunnlag.

Fungerande rådmann Mette Matthiessen stadfesta at grunnlaget for privatisering ikkje automatisk fell bort, men at det ville verta teke med i vurderinga.

Arild Skjelbred meiner no at tida er inne for politikarane å gripa inn, då grendelaget ikkje opplever at deira innspel har ført til konkrete endringar eller svar.

– Når fakta er feil, når viktige forhold ikkje er vurdert, og når innbyggjarar blir møtte med tausheit, då må politikarane gripa inn. Dette handlar ikkje berre om ein veg. Det handlar om styring, om tillit – og om korleis Voss herad vil framstå som forvaltar av fellesskapet sine interesser.

– Politikarane sitt rykte står på spel

Skjelbred understrekar at politikarane har all grunn til å vera bekymra og gripa inn når administrasjonen ikkje fungerer optimalt, fordi det direkte påverkar deira eigen legitimitet i møte med folket. Det er deira rykte og evne til å styra som står på spel.

Hordaland har kontakta ordførar Tonje Ljones Såkvitne og rådmann Martin W. Kulild i Voss herad med kritikken frå Rasdalen grendelag.

Me har stilt spørsmål om saksgrunnlag, manglande svar, allmennytte og vegen sin status, og dessutan kva heradet vil gjera for å gjenoppretta tilliten.

Til rådmann Martin W. Kulild:

Rasdalen grendelag hevdar at vurderinga av Rasdalsvegen byggjer på feil fakta om fastbuande, og at dette er i strid med heradet sitt eige vedtak frå 2020.

Korleis kommenterer rådmannen dette, og vil vegen sin status verta revurdert?

Høyringsinnspel er ein viktig del av vurderingsgrunnlaget ved omklassifisering. Dersom innspel belyser at vurderingar byggjer på feil eller mangelfullt faktagrunnlag, vil dette inngå i den samla vurderinga. Endeleg vurdering vert gjort i samband med politisk handsaming av saka.

Kvifor har grendelaget ikkje fått svar på sitt høyringsinnspel (sendt 29. juli 2025) eller dei to purringane (sist 29. januar 2026)?

Høyringsinnspel er mottatt og inngår i den samla vurderinga av den enkelte veg. Endelig svar vil ein få når saka er behandla politisk. Det er beklageleg at det har vore manglande svar på purringar. Det vart sendt eit førebels svar frå administrasjonen 11.02.2026

Er det andre grendelag som har opplevd det same med manglande svar eller hatt liknande problem med saksgrunnlaget?

Alle innspel som vert sendt inn vert registrert/arkivert og stadfestast mottatt. Registrering/arkivering kan følgjast i offentleg postliste. Eg er ikkje kjend med at andre manglar førebels svar.

Kva er heradet sine rutinar for å handtera slike førespurnader? Voss herad mottar mange førespurnader og svarar fortløpande i tråd med våre gjeldande rutinar og regelverk. Korleis har heradet vurdert Rasdalsvegen opp mot kriteriet om allmennyttige føremål, som tilkomst til DNT-løype?

Vedtatte kriterium vert lagt til grunn for omklassifisering av kommunal veg. Det er tilstrekkeleg at eitt av kriteria er oppfylt for at ein veg kan vurderast omklassifisert.

Kva er den aktuelle statusen for Rasdalsvegen i privatiseringsprosessen?

Saka er ferdig utgreidd og vert lagt fram til politisk handsaming i neste politiske runde. Status vil bli avklart i samband med dette.

vh Martin Kulild, rådmann

Dette svarar ordførar Tonje Ljones Såkvitne:

– Saka har vore lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, nettopp som ei sikkerheit på at det ikkje er saksopplysingar som er relevante som ikkje er kome med, og retta opp i fakta som er feil. Eg har ikkje lese den endelege saka, den vert tilgjengeleg for oss folkevalde fredag 6. mars før handsaming i formannskap og heradsstyret. Det er difor unaturleg å kommentera saka før eg har lese administrasjonen si handsaming etter høyringsrunden.

Voss heradsstyre skal ta stilling til rådmannen sitt forslag om å avhenda kommunale vegar til private til hausten.